

Godt nytt

Nr 2 2018

Kampanjeavis

Inspirasjonsmøter med Martin Cave 20.-22.april

Martin Cave er grunnleggjaren av IMI-kirken i Stavanger, og han er i dag seniorpastor der. Under hans leiing har denne kyrkjelyden vaks med mange hunder prosent, og er i dag ein av dei mest vitale forsamlingane i Noreg. Dei har lukkast som eit resultat av dristige og visjonære satsingar. Når denne kyrkja får tru for ting, så er det berre «just do it» som gjeld. Og i dag har IMI-kirken stor innflytelse på kyrkjelivet både i Noreg, Thailand og Kambodsja. Tema for helga: GUDS GODHET TILGJENGELEG!



Program for helga

Fredag 20.april

Møte kl 19

Laurdag 21. april

Møte kl 11 og 19

Søndag 22.april

Gudsteneste kl 11


Møtene vert haldne i Frelsesarmeens sine lokaler i Vidstenvegen 2.

Desse kyrkjelydane arrangerer møtene: Frelsesarmeens, Stord Bibelsenter, Den Frie Evangeliske Forsamling Ebenezer, Stord Indremisjon og Kristkyrkja.

ALLE ER HJARELEG VELKOMEN!

I Iran er det forbode for muslimar å bli kristne. Men Gud bryr seg lite om det. Les historia om kva som hende då journalisten Koorosh vart fanga av Guds kjærleik.

Det er underleg at me som lever i eit land med uavgrensa tilgang til Bibelen, syner lite interesse for boka, men i dei landa der ho er forboden, blir boka lest, truud og praktisert i langt større grad enn her. Det er ei sprengkraft i denne boka, og her kan du lesa om det som hende med den iranske journalisten Koorosh då han ville infiltrera dei kristne miljøa i landet.



Bestillinga var at han skulle skriva ein artikkel om kristne med muslimsk bakgrunn. Det enda opp med at han sjølv vart kristen.

Koorosh brukte eit par månadar for å finna ein inngangsvinkel til emnet, utan at det lukkast for han.

«Men så, nærest ut av det blå, møtte eg ei kvinne som tydelegvis var annleis enn alle andre eg kjende. Eg hadde ein mistanke om at ho mogelegvis var kristen», fortel Koorosh. Dei to vart vener, og det synte seg fort at han hadde rett, kvinna var kristen. Ho fortalte han om Jesus, gav han ein bibel og tok han med til kyrkja si.

Koorosh fortel: «Då eg kom inn, vart eg først overraska av kor mange dei var. Så vart eg redd, sint og skuffa. «Korleis kunne alle desse menneska forlata religionen vår?» spurte eg meg».

Sjølv om kyrkja si forteljing om Jesus streid mot alt som Koorosh hadde lært, måtte han troppa opp kvar veke i mange månader for å få nok stoff til artikkelen sin. Det kom til å gjera noko med han.

«I Johannesevangeliet såg et at Gud er kjærleik, og at han beviste det med å koma til jorda og døy for mi skuld. Frå same stund eg skjøna dette, vart hjarta mitt fullstendig forvandla.

Neste gong eg var i der, gjekk eg fram, knelte ned ved alteret, vende om og gav hjarta mitt til Jesus. Sidan den tid har eg følgt han. Eg sa opp jobben i bladet, og artikkelen eg skreiv kom aldri på trykk», slutta Koorosh.

*Innhaldet i denne artikkelen er henta
frå den danske kristne vekeavisa
Udfordringen,
og attgjeve med løyve. www.
udfordringen.dk har mange
innsiktsfulle artiklar som både kan
skapa og styrka trua hos deg som leser
😊*

Ni månader i fengsel for Jesus




Onsdag 18.november 2009 vart Maryam Rustampoor og Marzieh Amirizadeh, etter massivet internasjonalt press, sette fri frå det berykta Evin-fengslet i Iran etter å ha vore innesperra ni månader for bibelspreiing og evangelisering. Dei bur no i USA.

I boka si «Fanget i Iran», Hermon forlag 2015, skriv dei om opphaldet sitt i fengslet Der kan du lesa om vanskelege dagar med sjukdom, matmangel, tortur og endelause konfliktar mellom innsette kvinner.

Men også om mirakler som skjedde, og om lys som vart tent i ulukkelege kvinners liv. Maryam og Marzieh fekk føra mange til Kristus. Denne boka kan du få kjøpt under møtehelga.

Det lever nesten 80 millionar menneske i Iran. Av desse er nokre hundre tusen evangelisk kristne. I 1979 var talet 500. Kyrkjå aukar no med 22% per år. Den enorme veksten skremmer prestestyret, og forfølginga av kristne er intens.

Natosjefens uro, og Guds svar!



Natosjef Jens Stoltenberg er uroa. Han trur ikkje på evig fred i Europa. I fritida går han gjerne tur på den store krigskyrkjegården i Normandie for å minna seg sjølv om det som hende etter D-dagen 6.juni 1944 då tusenvis av allierte soldatar mista livet i slag etter slag mot tyske hærstyrkar. Det kan skje igjen, seier han i eit intervju med Aftenposten.

Me er samde med Natosjefen i hans vurderingar. Det er ingen grunn til å tru på evig fred i Europa. Me uroar oss både over det faktum at ekstreme høgrekretter har stor framgang i mange europeiske land, og at islamistiske militante grupper fått fotfeste her. Alt dette er ein eksplosiv cocktail.

Og likevel trur må på EVIG FRED. Ikkje fordi me er blinde for politiske realitetar, men fordi me har fått nye augo som ser Gud. Alle krossane som Stoltenberg bevegar seg mellom, skulle, om han kjende Bibelen, minna han om Han som ER vår fred. Den farlegaste konflikten i universet er ikkje mellom høgre og venstre, aust og vest eller sør og nord, men mellom himmel og jord, mellom Gud og menneske. Og denne konflikten vart løyst då Jesus gav livet sitt

for alle menneske på ein kross for nesten 2000 år sidan. Han, som var og er Gud, tok på seg ansvaret for alle våre synder og sonte dei for oss. Difor får alle som overgjev liva sine til Han full tilgjeving som ei gav, fred med Gud og fred i hjarto sine, og jo fleire som erfarer dette underer i liva sine, jo færre stridbare og valdelege sjeler vil det vera mellom menneska. Guds tilgjeving gjer oss til Guds barn, og Guds barn er ein gjeng som elskar freden og som skaper fred mellom stridbare og stridande menneske. Fylt av Guds kjærleik og Guds visdom går dei rundt på jorda for å skapa venskap mellom fiendar, og for å kopla alle menneske saman med Gud, vår gode Far.

Er du klar for Gud og hans fredskorps?

Gje livet ditt til Jesus, og du er ein del av verdas største og viktigaste i business.

Godt nytt nr 2 2018